



Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Faveo Prosjektledelse AS
att: advokat Jill Akselsen
Vestre Strandgt. 27-29
4611 Kristiansand

Deres referanse

Vår referanse
2011/0030-13

Dato:
08.08.2012

Avvisning av klage på offentlig anskaffing

Vi viser til klagen Dykkar på offentlig anskaffing av 31. januar 2011 om anskaffing av kulturhus i Volda. Klagenemndssekretariatet avviser klagen som ikkje formålstenleg for behandling i klagenemnda, jf. forskrift 15. november 2002 nr. 1288 om klagenemnd for offentlege anskaffingar § 6, jf. § 9. Grunnen er at klager ikkje har sakleg klageinteresse. Avvisingsavgjerda til sekretariatet kan påklagast til leiaren av klagenemnda innan tre yrkedagar etter at ho blei gjord kjend for klagaren.

Sekretariats vurdering:

Klagar har hevda fleire grunnlag for at innklaga har brote lov og forskrift om offentlege anskaffingar ved gjennomføringa av konkurransen "*Kulturhus Volda – invitasjon til tilbodskonkurranse med forhandling om privat/kommunalt samarbeid*".

I forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffingar § 6 (2) går det fram at "*Klage kan fremsettes av enhver som har saklig interesse i å få vurdert lovmessigheten av en slik unnlåtelse, handling eller beslutning*". Gjennom klagenemndas praksis er også oppstilt "*et krav om at interessen i å få avgjort anførselen eller anførslene må være aktuell. I dette ligger det at klager må ha et reelt behov for avklaring av spørsmålet, jf. klagenemndas sak 2007/137 og sak 2008/24. Spørsmålet om saklig klageinteresse må vurderes konkret for hver anførsel som er fremsatt av klager.*", jf. blant anna klagenemndas sak 2009/180 premiss (23).

Klager har delteke i konkurransen, og dette vil normalt vere tilstrekkeleg til å ha sakleg klageinteresse for klagenemndas vurdering av spørsmål knytt til konkurransen etter klagenemndsforakrfta § 6 (2). Eit særleg forhold i den føreliggande saka er derimot at det er opplyst at klagar er konkurs. Sekretariatet vart kjent med forholdet i e-post frå innklaga 24. november 2011. Klager har ikkje kommentert påstanden, men det går fram av Brønnøysundregistra at konkurs ble opna 9. november 2011 for Peder Øvstegård AS. Etter

Postadresse:
Postboks 439 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:
Rådhusgaten 4
5014 Bergen

Telefon: +47 55 59 75 00 postmottak@kofa.no
Telefaks: +47 55 59 75 99 www.kofa.no

sekretariatets vurdering er dette tilstrekkeleg grunnlag for å slå fast at Peder Øvstegård AS er konkurs.

Etter lov om gjeldsforhandling og konkurs (konkurslova) § 100 (1) er ein skuldnar under konkurs *"uberettiget til å forføye over boets eiendeler, til å ta imot oppfyllelse av boets fordringer eller oppsigelse o l på boets vegne, og til å pådra boet forpliktelser"*. Klagar mista følgjeleg rådigheit over buets eigedelar ved konkursopninga.

I ein situasjon kor klager ikkje lengre har råderett over buet, har heller ikkje klagar eit reelt behov i å få avgjort spørsmåla i saka. Klagars interesse i saka kan følgjeleg heller ikkje reknast som aktuell. Sekretariatet er på denne bakgrunn kome til at klagar ikkje har sakleg klageinteresse i å få avgjort spørsmåla i saka.

Sekretariatet vil ikkje sjå vekk i frå at det kan tenkast situasjonar kor eit konkursbu vil ha ein reell interesse i å få avgjort eit spørsmål for klagenemnda, men skuldnaren og konkursbuet er sjølvstendige rettssubjekt. Systemet etter tvistelova er at dersom saksøker går konkurs, stanses saka på ubestemt tid, jf. tvisteloven § jf. § 16-16 (1) bokstav c. Saka bringes i gang *"på begjæring frå rette vedkommende [...]"*, som normalt vil vere styrar av konkursbuet, jf. tvl § 16-16 (2). Tilsvarande reglar er ikkje gitt i klagenemndsforskrifa. Det er uansett ikkje hevda at konkursbuet har sakleg klageinteresse i denne saka.

Ettersom sekretariatet har kome til at klager ikkje har sakleg klageinteresse, blir klagen avvist som ikkje formålstenleg for behandling i klagenemnda, jf. klagenemndsforskrifa § 9.

Jonn Sannes Ramsvik
gruppeleiar (e.f.)

Linn Håland Vetaas
fyrstekonsulent

Kopi til:

Volda kommune